

RADAR

NR. 4 — 2022 · 38. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SO

HAR SKIFTA 470 LYSPERER
I MANGER KYRKJE

God jul!

«Eg kan jo brukast til noko»

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Det er festgudsteneste i Manger kyrkje. Barnekor, dyktige musikantar - også frå Manger skulemusikklag, god song og fokus på frivillig arbeid. Her er folk i alle aldrar, og «fest-desserten» er tapas og kaker.

Midt i kordøra framme i kyrkja sit Håkon Glatved-Prahl og Torill Myrtveit Fjeld. Som ledd i Frivilligåret 2022 samtalar dei om kva frivillig arbeid har å seia for dei og for samfunnet.

– Å vera frivillig vil seia at me kan brukast til noko, seier Torill.

– Eg vart utfordra av Kjell Sekkingstad til å vera med som leiar på leir, etter det har det balla på seg. Seinare laga eg juledekorasjonar og pynta på Omsorgsbustadane. Det var gjennom arbeidet i Frivilligsentralen. Gudveig og eg besøkte folk på Velferdssenteret, og trilla dei i rullestolane til gudsteneste når dei ville det. Ein periode var eg med i soknerådet, men der var det litt for tronge rammer for meg, den gongen.

Torill har ein klar budskap:

– Det er så viktig å verta utfordra og vera ilag med folk som fyrer kvarandre opp.

Håkon fortel med glede om tida si i Alversund Skulemusikkorps, og spør Torill korleis ho opplever å vera styreleiar i Manger Skulemusikklag.

– Før hata eg korpsmusikk! seier Torill.

– Men då eg såg eg kor kjekt dei hadde det, og kor godt miljø dei hadde, så endra eg meining.

– Men korleis er det for deg no å bruka tid på korpset?

– Eg tenkjer ikkje på det slik. Eg er heldig som får følgja opp borna mine, og knyter kontaktar med andre vaksne. Eg tørkar tårer når eg høyrer dei spela!

Håkon set den frivillige innsatsen inn i ein større samanheng:

– Frivillige gjer ein innsats her i landet som er verd 75 milliardar kroner. Berre i kyrkja er det 100.000 frivillige, og i tillegg kjem alle som er med i lag og organisasjonar.

– Då me kom her i stad, var det fullt av folk på kjøkkenet for å laga til, legg Torill til. Det er eit viktig arbeid!

Håkon oppsummerer med forteljinga frå Joh. 6 om då ein liten gut kom med fem brød og to fiskar som Jesus velsignar, og meir enn 5.000 menneske vert mette.

– Guten kom fram med det han ville dela. Han viser oss kva som kan skje når me tek det me har, går mot Jesus og ut i verda!



”Me ser kor viktig det er at det er frivillige som ringjer og spør etter borna,» seier Torill Myrtveit Fjeld i samtalen med Håkon Glatved-Prahl.



Fellesskapet er viktig - også for frivillige, fortel denne T-skjorta til Sverre Fjeld.

Nye lyspærer – store innsparingar

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

Takka vera ei testamentert gåve frå Ingeborg Skagenes er kyrkja på Manger blitt lysare innvendig enn nokon gong. Alle lyspærene er skifta ut med nye LED-pærer!

Det er den rause gåva på heile 100.000 kroner frå Ingeborg Skagenes – motstandshelten frå Skageneset nord for Manger – som er den direkte årsaka til at soknerådet på Radøy kunne gje grønt lys for å bytta ut dei gamle lyspærene.

I testamentet vart det gjort klart at pengesummen er øyremerkt til Manger kyrkje.

Dei nær på 500 nye LED-pærene, som er ørlite sterkare enn dei gamle lyspærene, er ikkje berre flotte å sjå på, dei vil også bidra til at ein sparer mykje i straumutgifter.

Sparer 15.000 kroner i året

– Vi har rekna oss fram til at besparelsen ved å skifta frå gamle lyspærer til LED-pærer, blir ca. 15.000 kroner i året. Kostnaden for alle dei nye pærene er rundt 32.000 kroner ekskl. moms, noko som betyr at investeringa allereie etter vel to år er nedbetalt, seier John Henanger, driftsleiar i Alver kyrkjelege fellelsråd.

Han er svært tilfreds med jobben som er gjort, og opplyser samstundes at det vert jobba med å få til dimming av lyspærene, det vil sei at ein kan regulera lysstyrken. I tillegg vil han sjå nærare på om det let seg gjera å få litt sterkare lys frå taket i framre del av kyrkjeskippet. Det vil i tilfelle gje seg utslag i betre lys for musikantar og andre som har øvingar og konsertar i kyrkja.

To gode økter og litt til

Den praktiske jobben med å skifta dei 470 lyspærene er det fagarbeidarane Arne Palmesen og Ørjan Abrahamsen som har stått for.

– Det må vel ha vore litt av ein jobb?

– Ja, det har blitt ein del skruing og flytting av trøer eller gardintrapper om ein vil. Dei fleste pærene når vi ikkje utan å stå i stige, seier Palmesen.

– Vi brukte to gode økter på lyspærene i kyrkjerommet. Der skifta vi 370 pærer. I tillegg har det vore utskiftingar rundt omkring i tilstøtande rom, som for eksempel i Kyrkjestova, legg Abrahamsen til.

Tek vare på dei gamle pærene

Lyspærene som hang frå taket i skipet, vart skifta då Manger kyrkje vart stiva av i 2016, resten av pærene meiner Palmesen må ha vore frå 1970-talet ein gong.

– Kva skjer med pærene som no er skrudd ut?



Fagarbeidar Ørjan Abrahamsen har saman med kollegaen sin skrudd ut 470 lyspærer i Manger kyrkje og erstatta dei med moderne LED-pærer.



Arne Palmesen og Ørjan Abrahamsen framfor nokre av kassane med gamle lyspærer. Mange av pærene vil no bli reservepærer i andre kyrkjer.

– Vi vil i første omgang ta vare på dei, i alle fall dei frå 2016. Det er same type pærer som vi i dag har på Hordabø og Sæbø, samt i Hundvin kyrkje. Det er greit å ha reservepærer på lager. Dei eldste pærene lir kanskje ein verre skjebne, men inntil vidare tek vi vare på alle, opplyser driftsleiar Henanger.

Leiar i Radøy sokneråd, Gunnar Kartveit, er svært glad for den rause gåva til Manger kyrkje.

– Ingeborg Skagenes var ei fantastisk kvinne. Å bruka ein del av pengegåva hennar til å lysa opp kyrkja vår for framtida, vil vera eit lyst og flott minne om henne kvar gong vi kjem til kyrkja, seier han.

Sidan sist –

Foto av konfirmantjubilantar og 4-åring: Håkon Glatved-Prahl. Foto av basar: Gunnar Kartveit



50-ÅRS-KONFIRMANTAR (namna er alfabetisk, og følgjer ikkje oppstillinga på biletet):

Bodil Mari Håland, Else Myhre Sylta, Gerd Lise G. Knudsen, Grete Manger, Helge Asgeir Nøttveit, Hilde Liv Rossnes, Hugo Arne Rosenlund, Idar Sylta, Jarle Gunnar Nordanger, Magne Egil Mjøs, Magne Myrtveit, Norunn M Eilertsen, Oddny Mikkelsen, Olav K Sylta, Per Tore Lunde, Rannbjørg A Veland, Ronald Marøy, Rune Oldervik, Sissel Soltveit, Torbjørn Drivenes, Turid Baug, Vigdis Villanger, Willy A Espenes



60-ÅRS-KONFIRMANTAR

Anna B Gundersen, Borghild Kartveit Birknes, Helge Straume, Inger Alise Myrkaskog, Inger E Nødtvedt Haugland, Ingunn Tefre, Jan Floen, Kåre Einar Vetås, Liv Helland, Oddvar Bruknapp, Ragnar Kolstad, Randi Oline Thompson Laupsa, Reidar Manger, Rolf Sylta, Solfrid Sylta, Terje Sylta



Utdeling av 4-års-bok

Borna som vart døypte for fire år sidan, fekk eigen invitasjon til gudsteneste i slutten av september. Der fekk dei delta i visualisering av forteljinga om den eine sauen som gjekk seg bort og dei nittini som ikkje gjorde det, og om Jesus som leita opp den eine.

Fire-åringane fekk si eiga bok med songar og forteljingar. På biletet ser me Hannah Elisabeth Hope som tek imot bok frå Bjørn Nygård som er liturg denne dagen. Og Hannah er godt assistert av mora, Kine Villanger Mjøs. I bakgrunnen finn Wilco Vogelaar fram boka til neste fireåring.



Basar, Manger kyrkjeforening

25. august inviterte Manger kyrkjeforening til basar i Manger bedehus. Snitt-alderen til dei som er med i foreninga, er ein stad i 80-åra. Dei samla fullt hus, og fekk inn 45.540 kr til arbeidet.

Opp gjennom åra har kyrkjeforeninga skaffa midlar til mykje inventar i kyrkja, m.a. tekstilar som messehaker og altarduk, dessutan eit ikon, og har også gjeve midlar til trusopplæringa. Ved eit høve gav dei boka «Kyrkjefolk», forfatta av Egon Askvik, til alle som bidreg med frivillig arbeid i kyrkjelyden. Foreninga held fram med nye oppgaver i sikte!

På biletet ser me leiar i foreninga, Astrid Hagen, på veg til å setja seg ned etter å ha fått Margun Stangenes Stordal til å ropa ut vinnarnummer. Og flotte gevinstar var det rikeleg av!

**FAKTA:****Namn:** Kirsten Skage Mellingen**Alder:** 68 år**Bustad:** Mellingen, Sletta**Yrke:** Pensjonert lærar

Foto: Gunnar Kartveit

Frå kyrkjebenken

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

– Lenge.

– Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden vår?

– At det er eit inkluderande fellesskap med plass for alle. Eg er spesielt glad i å vera med i salmesongen. Me har svært dyktige kyrkjemusikarar og det er også flott å kunna lytte til vakker musikk i kyrkja.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

– Eg er nabo med Emigrantkyrkja, døypt og konfirmert i Hordabø, vart gift i Manger kyrkje, her er borna våre døypte, og dei to eldste er konfirmerte her. Det er nok i Manger kyrkje eg er oftast. Nordhordlandskatedralen er ho blitt kalla. Det er ei vakker, høgrest kyrkje og eg likar

godt dei slanke, høge søylene og dei duse fargane innvendig. Altertavla minner meg på å halda augo festa på Jesus, for då er eg trygg. I bestefarstova heime på Grindheim hang det eit maleri med det same motivet, så eg kjenner det kjent og kjær.

– Kva salme syng du gjerne for tida?

– «Deg å få skoda» Denne salmen har ein nydeleg melodi som er god å syngja med på, og teksten passar godt både i glede og i sorg. I familien min har me brukt han både i gravferd og i bryllup.

– Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

– At folk ikkje har det travelt, men stoppar opp og gir seg tid til ein prat.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv,
andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://www.kirkens-sos.no)

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

 **KIRKENS
SOS**



Alver Byggrenhold

Vi treng fosterforeldre. Heilt vanlege menneske!

Tekst: Øystein Skauge

Foto: Gunnar Kartveit

Anne Birthe Kvant er avdelingsleiar for fosterheimsavdelinga i Alver. Vi møter henne i barnevernet sine nye og fine kontor i Helsehuset i Knarvik.

– Kva er dine tankar om at barnevernet er sterkt framme i media, gjerne med negativt forteikn?

Det påverkar oss i større og mindre grad, seier Anne Birthe Kvant. Men heile tida er vår viktigaste oppgåve å ha fokus på barnet. Vi vil at born og unge i Alver skal ha ein best mogeleg kvardag.

– Kven har den endelege avgjerda om å flytte eit barn i fosterheim?

– Det er Fylkesnemnda, dersom foreldra er usamde med barnevernet om at dette må gjerast. Ei avgjerd i Fylkesnemnda kan ankast til Tingretten om foreldra ikkje kan godta eit vedtak. Men foreldre kan også innsjå, og friviljug godta, at omsorga for barnet for kortare eller lengre tid må overførast til andre.


– Kva er dei tyngste etiske dilemma barnevernet står over for i slike saker?

– Slike dilemma står vi kontinuerleg overfor. Vi skal ivareta borna, men av og til tenkjer barnevernet andre tankar enn det som er barnet sitt ønskje. Det er eit dilemma. Men også foreldra skal ha vår omtanke. Vanskar oppstår lett då.

– I kva grad er ein open rundt det at barn vert plassert i fosterheim? Dei dukkar kanskje brått opp i ein barnehage eller i ein ny skuleklasse.

– Vi satsar på eit så godt samarbeid som råd er, også med biologiske foreldre. Dersom eit slikt samarbeid ikkje er råd å få til, er det avgrensa kva vi kan få til med informasjon til klassane. Men vi formidlar det vi kan til skulane. Teieplikta er ikkje til hinder for å hjelpe born. Difor må skulen kjenne til det som trengst for å ta vare på barnet på ein trygg og god måte.

Men i stor grad fortel mange av desse borna om sin eigen situasjon til kameratar, sjølv om omfanget av dette vil variere. Frå barnevernet si side, snakkar vi sjølvsagt med



borna om nettopp dette.

Det kan vere godt å vite for menneske som er i randsona til ein familie med problem, at det er råd å drøfte anonymt med barnevernstenesta om ein formelt skal melde frå om uro for situasjonen, og så be om at barnevernet vurderer å gripe inn, seier Kvant.

– Den norske kyrkje har oppfordra sine medlemmer til å bli fosterforeldre. Kva vil du seie til dei av våre medlemmer som les om dette i bladet vårt?

– Det er eit fantastisk samfunnsengasjement å vere fosterforeldre. Det er veldig gjevande. Og dei vil få ei barnevernsteneste som føl dei tett opp. Dei vil få omsorg for eit barn som dei vil sjå utviklar seg. Dei vil bli dei viktigaste vaksne, ved sida av dei eigentlege foreldra.

Før nokon formelt får ansvar som fosterforeldre, er det mange og inngående samtalar mellom barnevernet og dei som ynskjer å gå inn i dette, for å sikre at også fosterforeldra, heilt vanlege menneske, faktisk vil forstå oppgåva og kunne stå i det over lengre tid. Borna treng rause og omsorgsfulle vaksne, seier Anne Birthe Kvant.

AMBASSADØRAVTALE

Den norske kyrkje og Barne- og Familiedepartementet har inngått ein avtale som m.a. inneber at kyrkje skal hjelpe det norske barnevernet med:

- å synleggjera behovet for gode og trygge oppvekstvilkår for born og unge, og heidra dei som er fosterfamiliar
- å bidra til å auka kunnskap om behovet for fosterheimar
- å spreia budskapen om at fosterborn er som alle andre born - ulike. Felles for alle er behovet for vaksne som kan gje tryggleik, omsorg og kjærleik
- å spreia budskapen om at ulike born treng ulike fosterheimar. Både gifte, sambuarar, einslege og likekjønna par kan bli fosterforeldre.
- formidla at mange born kan flytta i fosterfamiliar i slekt eller nettverk

Sjå elles www.fosterhjem.no

www.alver.kommune.no/innhald/helse-sosial-og-omsorg/barnevern/bekymringsmelding-til-barnevernet/

– Vi blir like glade i fosterbarna som vi er i våre egne born

Tekst og foto: Øystein Skauge

Solfrid og Cato Risøy bur på Lindås. Gjennom 12 år har ekteparet vore fosterforeldre til i alt tre born. To av dei bur framleis i denne heimen på Lindås.

- Kvifor vart de fosterforeldre?

- Vi hadde sjølve fått tre jenter, men etter nokre år ville vi gjerne ha eit barn til, seier Solfrid. -Men det vart vanskeleg for oss å få fleire egne born.

- Difor ville vi gjerne bli fosterforeldre, for vi visste at det var mange born som hadde behov for eit ekstra par foreldre, seier Cato

Solfrid og Cato fortel at dei først gjekk gjennom eit grundig innføringskurs for å få bli fosterforeldre. Fram gjennom åra har dei så fått god støtte frå barnevernet, og dei har kontakt med andre fosterforeldre.

Borna ein slik får ansvar for, kjem normalt frå ein stad i same fylke. Dette for at det skal kunne vere ein viss kontakt med den biologiske familien.

- Solfrid og Cato, de to har bakgrunn som sjukepleiar og rektor på ein skule. De verkar skreddarsydde for ei slik oppgåve. Men er det slik det må vere? Er det slike folk barnevernet leitar etter?

- Nei. Dei ser etter folk med mest mogeleg variert bakgrunn. Det er mange ulike typar born. Det trengst også fleirkulturelle fosterheimar. Men aller først leitar barnevernet etter omsorgspersonar i barnets opphavlege slekt og nettverk. F.eks. besteforeldre, tanter/onklar eller vener som kan ta ei slik oppgåve. Ca. halvparten av borna som har trong for slik omsorg hamnar hjå slekt og nettverk, seier Cato.

- Vi som er fosterforeldre veit kven som er dei eigentlege foreldra. Retten kan avgjere om dei får lov å kome på besøk til borna, og eventuelt på kva vilkår. Det normale er at borna har samvær med foreldra fire gonger i året.

- Kva er dei beste opplevingane de har hatt med dette?

Cato: Det er spanande å følgje utviklinga deira, slik det er for alle foreldre å følgje sine egne born. Sjå singlar i kvardagslivet. Oppleve kva dei får til. Mykje går heldigvis fint for dei.

Solfrid: Også det å følgje dei når dei lever i lag i vår familie med våre born. Dei vert ein heilt normal del av familien og barneflokk. Vi blir like glade i desse fosterbarna, som vi er i våre egne born.

Vi ser heller ikkje for oss at det seinare skal bli eit brot mellom vår familie og dei vi har hatt ansvar for. Vi trur på eit livslangt forhold til dei, seier Solfrid.



- Korleis er det med tanke på ulike livssyn når ein skal ta mot born på denne måte?

- Her kan det vere stort sprik mellom biologisk familie og fosterfamilie. Då bestemmer biologiske familie ein del. F.eks. om det skal vere dåp/ barnevelsigning/ namneseremoni/konfirmasjon. Dette gjeld fram til dei er 15 år. Etter det bestemmer borna sjølve i slike saker.

- De to har sjølve eit kristent livssyn. Har det vore bestemmande eller motiverande for å gå inn i dette?

- Det handlar for vår del, bl.a. om nestekjærleik, seier Cato. - Men også gjennom våre yrke har vi sett at her er det mange som har eit stort behov for å få denne type omsorg. Vi ser at vi møter mange andre fosterforeldre som deler den kristne trua, utan at det er noko vilkår i det heile.

Vi ser også at i det offentlege apparatet rundt oss, vert livssyn lagt merke til og vurdert, men på ein sakleg og kritisk måte. Dei som skal godkjenne dette, ønskjer at folk med svært ulik bakgrunn skal melde seg. Det er også råd for par som ikkje sjølve har born, å gå inn i denne tenesta, seier Cato Risøy.



 Bufetat

Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

fosterheim.no



Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Venen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Sei noko om Jesus

Juleandakt av biskop

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa venen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljninga, då vil eg høyra om

- Det har vore ei festreise

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

Han sette seg i bilen og grein i eit heilt kvarter då han skulle starta på vegen frå Østfold mot bispegjeringa i Bjørgvin. Han måtte ta farvel med familie og venekrets og setja kursen mot eit «land langt borte». Han hadde ikkje rekt å tenkja skikkeleg gjennom korleis livet som biskop ville bli. Men Nordhaug forsikrar at han har blitt glad i både Bergen, Bjørgvin og Vestlandet.

No er biskop Halvor på siste reise i bispedømmet, og slår fast at det har vore ei festreise i dei nesten 14 åra som åndeleg leiari for bergensar, sogning og stril.

– Det har vore ei flott oppleving å vera biskop her. Tenk å få køyra rundt i det langstrakte bispedømmet med så mykje vakker natur – som turistane må betala dyrt for – men som eg får betalt for.

«Skap-bergensar»

Halvor Nordhaug forsikrar at han også har kome godt ut av det med bergensarane, sjølv om «ein bergensar austpå kan vera ein prøvelse». Han likar å snakka høgt og i litt store bokstavar, og tar gjerne ein diskusjon. Han har også sans for humoren til bergensarane, og no på fallrepet tar Nordhaug sjansen på å kalla seg «skap-bergensar». Halvor Nordhaug har også eit godt forhold til Nordhordland. Han slår fast at prostiet er eit veldig vitalt område på mange måtar, ikkje

minst kyrkjeleg sett, sa biskopen då han tok farvel med kyrkje folket i Nordhordland i Knarvik kyrkje.

– Folk i Nordhordland meiner alvor

– Det er mange som vil noko, men det er ikkje alltid lett å få dei til å trekkja i same retning og få til samspel, sa biskopen.

– Folket her meiner alvor med å vera kristne, dei er opptekne av kva som er Guds ord og har forankra trua si i Bibelen. Men ver obs på at andre kan sjå ting litt annleis, formante biskopen.

Nordhaug framhevar kor viktig det i vår tid er å løfta fram kristenarven – vi må vera stolte – og ikkje skjemmast av den. Han meiner det er feil å snakka om livsnøytralitet, men heller fremja det livssynsopne samfunn der det er normalt å få gje uttrykk for si tru. Biskopen ser med uro på aggresjonen mot tru og livssyn mange stader i Europa.

– Må læra oss å leva med usemje

– Vi må øva kvarandre til å leva med usemje, sa den avtroppande biskopen, som også retta fokus mot det kristendommen har gjort med Norge. Han viste til at menneskeverd og det kristne menneskesynet har gjenklang alt i den gamle Gulatingslova.

I dei første lovene står det at «me skal venda oss mot aust og be til Kvite-Krist om godt år og fred». – Fantastisk, synest Nordhaug, som ser fram til 1000 års-markeringa av kristenretten i Norge i 2024.

På sitt siste besøk i Knarvik forkynte biskop Halvor evangeliet om Guds nåde – om at Gud er nådig mot oss for Jesu skuld. I preika tok biskopen utgangspunkt i likninga om «den bortkomne sonen». Han understreka at det her ikkje handlar om ein «rettferdig» Gud etter vår målestokk, men først og fremst om ein nådig Gud.

Noko om Jesus!

Biskop Halvor Nordhaug

Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full

av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunstrøm har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskeveven, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!



«Hyrdane som tilber». Agnolo Bronzino. 1502-1572 (Wikimedia commons)

– Vi blir omfamna utan krav, sa biskopen, som la til at han har stor sans for Karstein Isachsen sitt uttrykk «Gud blir aldri klok av skade».

I møte med dei frivillige i prostiet i kyrkjekjellaren i Knarvik takka biskopen for tenesta dei gjer. - Vi treng dykk alle. Vi treng mange ansikt for at kyrkja skal gje eit truverdig uttrykk i lokalsamfunnet.

Takk til biskopen

Det vanka gode ord og gåve då Grethe Lunde på vegne av sokna i prostiet takka av biskopen. Prost Helge Taranrød

framheva Nordhaug som ein biskop som har vore synleg, med kunnskap, kompetanse og klokskap, og som eit skrivande menneske. Prosten har også opplevd han som ein god meningsmotstandar når ein kan ha ulike standpunkt.

– Han kjenner bispedømmet og bygdene våre. Han er glad i kyrkja og glad i Jesus. Han er min sjef, og har også blitt min venn, sa Taranrød.

Biskop Halvor, som i februar neste år blir 70, går av som biskop i slutten av november. Då set han kursen austover igjen, etter mange år i bispebustaden på Landås.

Bygg Team VEST AS 

Alt innan tømrarfaget!

VATNE
begravellesbyrå 

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

vatne-byra.no

 **HELLAND ELEKTRO AS**

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE

Torvhusmyrane 6
Nordhordland Næringspark
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30
E-post: post@helland-elektro.no
www.helland-elektro.no
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

 **SIKRINGEN**
- DIN ELEKTRO

RISNES ELEKTRO AS 

Elinstallatør · tlf. 56349620

«Eg er vegen, sanninga og livet» Johs 14,6

Av Helge Hitland

Kva betyr det at Jesus er vegen? Eit lite eksempel: Vi var på ferietur til Danmark og skulle til eit badebasseng i ein liten landsby. Vi fann ikkje vegen. Vi traff ei dame på sykkel og spurte henne om ho kunne forklare kor vi skulle køyre. «Den vegen er så vanskeleg å forklare, men eg skal sykle framfor». Følg berre etter meg, sa skal det gå bra. Vi køyrde etter henne. Då gjekk det bra. Vi kom dit vi skulle. Slik var denne dama vegen for oss.

Så ønske Jesus å utfordre oss i dag og seier: «Eg er vegen, følg meg.» Jesus seier ikkje at eg er ein veg blant mange, men han seier Han er vegen, den einaste vegen. Dermed avviser han alle andre vegar til frelse.

Når Jesus legg til orda: «Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg», så blir dette ord som kan ryste like mykje som det kan trøyse. Orda kan provosere like mykje som dei gir håp. For med desse orda så feller Jesus dom, ikkje berre over andre religionar, ideologiar og religiøse frelsarskikkelsar, men også over alt vårt eige strev for å gjere oss fortent for himmelen. «Eg gjer så godt eg kan. Det må vel vere nok».

På viktige vegar må vi ofte betale bompengar. Det er det ikkje på himmelvegen. Jesus betalte billetten

med sitt liv. Han møter deg ved bommen og seier: Det er gratis. Alt er av nåde. Vågar vi å ta Han på ordet og følge Han på nådens veg?

Jesus er ikkje berre vegen, men også sanninga og livet. Sanninga og Livet er nøkkelord når vi skal forstå Jesus. Dei sanningar vi dullar oss inn i eller dei vegar vi ryddar for oss sjølve til Gud, kjem altså til kort!! Eg er heilt avhengig av Frelsaren Jesus. Eg har ikkje nubbe sjanse utan Han.

Denne sanninga kan provosere, inntil vi ser at dette er vår einaste sjanse til å få det evige livet. Og at det er gåvmildheit utan grenser. Nåde over nåde.

«Eg er Sanninga,» sa Jesus. Vi kjenner ikkje alle tilværet sine løyndomar og sanningar, men det gjer Jesus. Han har lagt æva ned i våre hjarte. Han har skapt oss til eit liv i fellesskap med seg. No sit han ved Guds høyre hand i himmelen, med verdens beste utsikt. Han ser og veit alt. Han veit kva som er best for oss. Vågar vi å satse på at Han snakkar sant og veit vegen?



Jesus veit at livet er ikkje slutt når vi har levd vårt liv her på jorda. Han har ein plan for livet her og livet i æva.

Jesus er livet! Jesus kom ikkje for å gjere livet surt og trongt for oss. «Eg er komen for at de skal ha liv,» sa han, «ja, overflod av liv!» (Joh 10,10)

Saman med Jesus blir vi sleppte ut i vårt rette element: i sanninga og livet. Der skal vi få leve med ope sinn og opne sansar og ta imot alt det Skaparen vil gi oss i livet. Og Han veit vegen, og Han går den saman med oss! Han er vegen, sanninga og livet.

15 spørsmål

Av Roald Erling Tjore

1. Kor mange tippoldeforeldre har du?
2. Er AU kjemisk formel for gull eller sølv?
3. Kva land har namn som tyder Frelsaren?
4. Kva organisasjon vert kalla Håpets Venger?
5. Kva heiter den jødiske påsken?
6. Kva song er dette henta frå: «å vinna til sanning i all si ferd»?
7. Kva for treslag er det i Kon-Tiki-flåten?
8. Stokk om bokstavane SALTJUNIOR, og finn yrket.
9. Kva song er dette henta frå: «og so kom skrubben luskande fram»?
10. Fullfør ordtaket: «Den slepp å ro som – «
11. Berre éin nordmann har OL-gull i boksing. Kven?
12. Kva tyder det russiske ordet Glasnost?
13. Kor mange strofer er det i Håvamål?
14. Kva år var det stor brann i Ålesund?
15. I kva song står det "...vidare enn før..

Gravminne

- Ring for katalog
- Navnetilføyning
- Gravstell
- Oppussing

Hageland
Eikanger

Sauvågen 251 - 5913 Eikangervåg - tlf 56 357730

AMFI

KNARVIK

KULTUR- KALENDER

4. desember

Julekonsert i Meland kyrkje kl. 17.00.

Tradisjonell julekonsert.
Meland musikklag med fleire.

Julekonsert i Seim kyrkje kl. 18.00

Konsert med Seim musikklag m.fl.

4. desember

Julekonsert i Manger kyrkje kl 19.00

Maria Urhaug, William Kay og gjestar.
Billetter ved inngangen

8. desember

Julespel i Knarvik kyrkje kl. 18.30

Barnekora i Alversund, Sing Out og Sing Singeling, inviterer til JULESPEL. Gratis inngang

10. desember

Julekonsert med Garness i Knarvik kyrkje kl. 19.00

En konsert med Garness og deres dyktige medmusikanter kjennetegnes av leken musikalitet, inderlig formidling og spennende nytolkninger av de velkjente julesangene som får julestemningen til å bre seg i kropp og sjel. Billetter www.ticketco.no eller ved inngangen.

12. desember

Konsert i Knarvik kyrkje kl. 17.30

Kom i julestemning og la roen senke seg med Wenche Myhre, Jørn Hoel og Emil Solli-Tangen! Billetter på Ticketmaster.no

Konsert i Meland kyrkje kl. kl. 17.00 og kl. 19.00

Vakre julekonserter ved Zing Zang. Lenke til billettsal finn du på sosiale media.

14. desember

«Juleklang» i Knarvik kyrkje kl. 18.00

Elevane ved Åsane og Nordhordland Folkehøgskole gler seg til å synge jula inn, og håpar mange vil ta turen for å komme i julestemning saman med dei.



En jul
å glede
seg til

Illustrasjonsfoto

VIPPS
en gave til
13130
Gi på konto
3201 52 74165

+ **Blå Kors**

Mange familier går en tøff tid i møte. Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

17. desember

Julekonsert i Knarvik kyrkje kl. 19.30

Remy Olsen, Trygve Hellesen & band har holdt julekonserter en rekke steder gjennom flere år. I år er Kjersti Wiik med som gjesteartist.

17. desember

Julenattiné, Manger kyrkje kl 20.00

Radøy damekor og gjestar

18. desember

Vintertoner i Knarvik kyrkje kl. 18.00

Julekonsert med Maria Solheim, Lewi Bergrud og Leif Ingvald Skaug. «Dette er en konsert som gir deg ro, glede, gåsehud og fredelig julestemning. Med en blanding av juleklassikere og nye julesanger servert med ærlighet, skjørhet og vakre harmonier vil du gå julen i møte med rett fokus.»

Julekonsert i Meland kyrkje kl. 20.00 med Felix Vocalis.

23. desember

JUBILEUMSKONSERT i Knarvik kyrkje kl. 22.00

25 år med LITLEJULAFTAKONSERTAR. Medvirkande er skodespelar Helge Jordal, Kjersti Møllerup Wiik song/kveding, Vidar Eldholm, tangentar, Torstein Holmås, trompet, Maria og Rebekka Eikefet, fiolin/cello, "Damekoret Kvende" samt unge solistar.

23. desember

Julekonsert i Seim kyrkje kl. 22.00

Stemningsfull julekonsert med Seim Songkor, Frode Skag Storheim og solistar.

8. januar

Julefest i Sæbø kyrkje kl. 16.00

Historia om Dei heilage tre kongane
Juletregang, servering

[Sjå fleire konsertar i skjerikyrkja.no](http://Skjerikyrkja.no)

Svar 15 spørsmål

1. 16. 2. Gull. 3. El Salvador. 4. MAF (Mission Aviation
1. 16. 2. Gull. 3. El Salvador. 4. MAF (Mission Aviation
Fellowship). 5. Pesach. 6. Å leva, det er å elska. 7. Balsatre. 8.
Journalist. 9. Eg gjetter Tulla. 10. - let seg driva med stramen.
11. Otto von Porat. 12. Openheit. 13. 164. 14. 1904. 15. Opna
hjartans dør.

**Knarvik
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

Tomatsild til jul?

Sild, også kalla «Havets sølv», er ein feit fisk, med høgt innhald av omega3-fettsyrer og god kjelde til vitamin A, D og B12(domstein.no). Tidligere var silda ein av dei vanlegaste kvardagsfiskane her i landet. Til jul er det mange som brukar sild som pålegg, og det finst mange variantar, t.d. sursild, sennepsild og rømmesild.

Tomatsild

- 6 kryddersild-filetar, i passe bitar
- 2 løk i passe bitar
- 1 boks ananasbitar
- 1 bunt dill, finhakka
- 1 ts malt kvit pepar

Saus

- 1 dl olje
- 2 dl tomatpuré
- 3 dl sukker
- 1 dl eddik 7%
- 2 dl ananasjus

Slik gjer du:

Varm olja og rør inn tomatpureen. Lat det koka litt og tilsett sukker, eddik og jusen. Avkjøl og tilsett dill og pepar. Legg bitar av sild, ananas og løk lagvis i sausen, i eit glas eller krukke med tett lokk. La stå kjøleg eit par dagar. Nyt så heimelaga tomatsild på godt brød!



Kul julegåve

Dette er BORDBØNTERNINGEN.

Den har 6 bordbøner. To av dei er kjende og kan syngjast. Dei 4 andre er enkle, så også borna kan forstå dei.

Terningen kan liggja på matbordet, og vera eit fast – og litt spennande – innslag ved måltid. Variasjon i bordbøner kan gjera oss meir merksame på innhaldet.

Kvifor ber vi bordbøn?

- for å takka Gud for alt Han har gjort
- for oss og for alt Han gjev oss.
- for å be Gud velsigna maten vår,
- oss sjølve og heimen vår.

Dersom du/de ønskjer å ha en BORDBØNTERNING, så kontakt Liv og Jan-Fredrik Raastad,

Svøovn. 122, 3560 Hemsedal, tlf 40407452,

E-post: bordbonntringen@gmail.com,

www.bordbonntringen.no

Sei ifrå om du vil ha nynorsk eller

bokmål. Pris kr. 175,- + porto.





NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale
gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR



DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1
Alversund

Havnevegen 31
Frekhaug

Elvavegen 1
Dalekvam

Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver


Vi utfører:

- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk •
- Automatisering •
- Godkjent for kontroll av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG





Av Kari Marie Gurvin-Molvik

Kvardagsliv i teneste

Ein eller annan gong i livet treng me alle i ekstra hand. Kanskje er det når me blir foreldre og ungene kjem som perler på ei snor, eller når nokon nære og kjære plutseleg fell bort. Eller kanskje når ein bryt foten og ein ikkje lenger klarer å vaske huset sjølv. Eller kanskje livet slett ikkje blei slik ein hadde tenkt, alt er berre mørkt og ein går inn i tunge tankar.

Då treng me kvarandre; at nokon bryr seg om oss . Ved å strekkje ut ei hand og gi praktisk hjelp; til å rydde kjøkkenet, vaske huset, hjelpe til med barna. Eller me treng ei skulder å gråte på. Om me greier i slike situasjonar å tenkje at denne gongen er det min tur til å ta imot hjelp fra deg og kanskje neste gong er det eg som hjelper deg.

Å ha denne tankegangen gjer noko med oss. Me får større respekt for kvarandre og trør kanskje meir varsamt fram.

Ein kan ha tankar om at det berre er dei som er svake som treng hjelp. Men dei som ser at dei ikkje strekkjer til og tek imot hjelp, er dei som er sterke.

No går me førjulstida i møte, og kanskje me skal ha eit ekstra ope blikk mot andre. Det treng ikkje alltid å vere dei store tinga, men gi eit smil, ein god prat, invitere nokon på kaffi, kjøpe blomar til nokon... her er det berre kreativiteten som set grenser...



Og det gjeld for menneske som er langt borte, men likevel nær oss. Me er rysta over det som skjer i Ukraina, og kan kjenna på avmakt. Men den gode meldinga er at me kan gjera noko: Julaftan er det offer til Kirkens Nødhjelp i kyrkjene våre. Og på www.gaversomforandrer verden.no kan me finna fysiske eller symbolske julegåver som gjev dobbel glede, både til dei som nyt godt av pengane og dei som får gåva.

Eit av hovudpunkta i Diakoniplanen vår er nestekjærleik. Dette er nestekjærleik og evangeliet i praksis.

VINDAUGA

I denne spalta opnar me vindauga til menneske i andre delar av verda

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

Februar 1992. Den 12 år lange borgarkrigen i El Salvador i Mellom-Amerika var nett slutt. Våpenkvila var berre nokre dagar gamal, ei våpenkvile som skulle visa seg å vara fram til no.

Samfunnet gjorde seg klart til å ta imot flyktningar som vende tilbake. Mange internflyktningar hadde fått bu i flyktningleiren Fe y Esperanza, Tru og Håp, som kyrkja dreiv med støtte frå Kirkens Nødhjelp.

Ved inngangen til ein landsby hang eit stort skilt: «Velkomen til Medardo Gomez». Det var ikkje berre fordi den lutherske biskopen Medardo Gomez var velkomen der, men fordi landsbyen i takksemd var oppkalla etter biskop Gomez for det han og kyrkja hans hadde gjort for folk under krigen. Etter krigen opplevde kyrkja ein vekst som det nesten var vanskeleg å handtera.

Men det var mange spor etter krigen. Langt unna allfarveg



møtte me kommandanten på biletet her. Med vakter rundt seg sette han seg i terrenget og fortalde kvifor han var blitt geriljasoldat. Han ville forsvara landet og folket sitt. No skulle han tilbake til teologistudiet som han hadde teke pause frå.

Det 30 år gamle biletet har brått fått aktualitet for oss i Europa. Ein krig er ikkje uvesentleg for nokon, og folk med alle slags yrke kler seg i militæruniform. I tru og håp.

Slekters gang

Radøy

Døypte

28.08.2022 i Manger kyrkje: Agnes Fiksdal-Kolstad
28.08.2022 i Manger kyrkje: Hannah Marie Kleveland
28.08.2022 i Manger kyrkje: Mia Floen Synnevåg
04.09.2022 i Sæbø kyrkje: Jenny Victoria Dalland
11.09.2022 i Manger kyrkje: Nikolai Øvrebø
16.10.2022 i Manger kyrkje: Ola Kolstad Blågestad
23.10.2022 i Sæbø kyrkje: Fabian Taule Bøe
23.10.2022 i Sæbø kyrkje: Ulrik Taule Bøe

Vigde

03.09.2022 i Manger kyrkje: Vivian Sjøstrøm Steindal
og Mats Ulriksen Lilletvedt

Gravlagde

23.08.2022 i Manger kyrkje: Dagfinn Eriksen Kartveit
23.09.2022 i Hordabø kyrkje: Betzy Kvalheim
23.09.2022 i Manger kyrkje: Marta Nøttveit
27.09.2022 i Hordabø kyrkje: Olaug Hårklau
18.10.2022 i Hordabø kyrkje: Mindur Kjell Bergtun
21.10.2022 i Hordabø kyrkje: Trond Sylta
21.10.2022 i Manger kyrkje: Johnny Hjalmar Johnsen

Bjørn er prestevikar på Radøy

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

Etter 22 år som kateket, byrja Bjørn Dalsgård Nygård denne hausten som prestevikar på Radøy.

52-åringen, som bur i Alversund saman med kona Anne Hilde Pollen Nygård, tenkte det kunne vera spennande å prøve seg i ei ny rolle innan kyrkja. Han starta difor eit utdanningsløp i regi av Menighetsfakultetet.

– Det er ei kjend sak at det er prestemangel rundt omkring, og Kirkerådet har opna opp for eit to-årig studium som heiter «Erfaringsbasert master: Prest» – i samarbeid med utdanningsinstitusjonar. Dette er for personar over 35 år som har relevant utdanning. Eg har valt å bruka fire år på studiet og jobba ved sidan av, fortel Nygård.

I Radøy sokn var det ledig prestestilling i 50 prosent, og dermed hamna Nygård her i soknet. Prestevikar-jobben på Radøy går over eitt år.

Bjørn tok kateketutdanninga si på Høgskulen i Volda allereie midt på 1990-talet og har jobba som kateket i



alle sokna i gamle Lindås kommune, samt i Olsvik kyrkjelyd.

– Var det stor overgang å byrja som prest?

– Frå alle åra med undervisning, barne- og ungdomsarbeid i kyrkja, kjenner eg godt til presterolla, men det er naturlegvis både ei ny og givande utfordring å stå i rolla sjølv. Det tar nok litt tid å bli trygg på oppgåva som prest, men eg trivst allereie godt her på Radøy, seier han, og legg til at han føler å ha blitt godt motteken av kyrkjelydane på Radøy og ikkje minst av staben og kollegaene på kyrkjekontoret.

Bjørn er opprinneleg får jazzøya Sula utanfor Ålesund og avslører at han er litt over snittet musikkinteressert. Han har spelt bassgitar i ulike kor, orkester og i band, og han produserer jamvel sin eigen musikk i sitt vesle studio heime.

Han får også tid til å vera fotballtrenar for eit gutelag i Alversund – den 52-årige studenten, prestevikaren og trebarnsfaren i Kvamsvågen.

NY DAGLEG LEIAR

Grethe Lunde er tilsett som ny dagleg leiar etter Audun Sylta som går av med pensjon ved nyttårstider. Stillingen er delt mellom Radøy og Lindås sokn, og slik vert det også framover. Me kjem tilbake til meir om dette i neste nr.

Manger
Tannlegesenter

Tannlegane Tor Skutle og Sondre V. Håland



Tankestrek

Av Gunnar Kartveit

«Som eit sugerør opp i frisk luft.»

Orda kom frå sjømannsprest Leif Magne Helgesen i radio midt i oktober i år.

Han hadde reist til Ukraina for å møte lokale kyrkjeleiarar i Kyiv og tilsette ved den norske ambassaden. Første morgonen han var i Kyiv, gjekk flyalarmen, og Helgesen måtte i bomberom to etasjar under bakken ilag med lokale og tilreisande, alle ukjende. Internett var dårleg, og etter ein time kom det melding om ekstrem fare. Kva ville skjje? Ville dei overleva?

«Eg sat heldigvis saman med fleire, og fekk det sugerøret opp i frisk luft som det er å snakka med menneske når ein er i krise. Det hjalp meg til å pusta inn og ut slik at eg ikkje blei teken av frykt. Eg fekk snakka med folk eg ikkje kjende, men me fekk sett ord på opplevinga og uvissa, og snakka også om laust og fast,» sa Helgesen.

«Trua er viktigare enn nokon gong. Vi trur på livet og på livskraftene. Det er det som ber oss og held oss saman.»

Det som skjer i Ukraina, rystar oss. Me vert rysta over kor grusome handlingar menneske kan utføra, og kor rått det går an å gå fram.

Men hendingar rystar oss også uavhengig av krig. Det kan vera noko som har skjedd utan at nokon ville det, eller noko som er gjort med overlegg. Tryggleik blir erstatta av uvisse, sinne og sorg.

Heldigvis finst det reiskapar for å koma vidare. Eitt av dei er samtalen. Ein god samtale kan vera som eit sugerør opp i frisk luft. Det er ikkje mykje luft som går gjennom eit sugerør, men det hjelper når det er frisk luft. Å lytta er frisk luft. Då opnar me óg for vidare samtale.

Krigen viser oss ikkje berre råskapen. Den synleggjer også livskraftene, viljen til å kjempa for livet og for det og den ein er glad i, og viljen til å hjelpa.

Ingen har vist oss tydelegare at dét går an, enn Jesus.

Hans død og oppstode inspirerer til å handla i tru på at det nyttar, at ein dag skal rettferda sigr.

Paulus seier det slik: «Lat alle menneske få kjenna kor godhjarta de er. Herren er nær.» (Filipparbrevet 4,5)



J. William Kay
Organist I/Rådgjever
915 91 482



Kari Marie Gurvin-Molvik
Diakonimedarbeidar
932 01 354



Arne Palmesen
Kyrkjegardsarbeidar
911 53 484



Helge Taranrød
Prost
415 28 318



Kjell Johan Sekkingstad
Sokneprest
951 41 360



Bjørn Dalsgård Nygård
Prestevikar



Wilco Vogelaar
Kyrkjelydspedagog
479 73 670



Monica Haukeland
Kyrkjetenar
966 97 814



John Fredrik Wallace
Kyrkjevevje
482 84 872



Audun Sylta
Dagleg leiar Radøy og Lindås
901 95 179



Gyda Matland
Administrasjonssekretær
400 01 691



Håkon Glatved-Prahl
Kyrkjetenar
900 89 450



DEN NORSKE KYRKJA

Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1 A, 5936 Manger

Opningstid:

Tysdag – onsdag kl 10.00 – 14.00.

Telefon:

4000 1691
kvar dag kl 10.00 – 14.00.
post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

Facebookside:

radoykyrkjelyd

Kontonummer:

3636 07 04682

Vipps:

24042

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Alver kyrkjelege fellestråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø
post.alver@kyrkja.no
www.kyrkja.no/alver

Kyrkjevevje: John Fredrik Wallace
jw734@kyrkja.no

Leiar i fellestrådet: Grethe Lunde,
gr-lunde@online.no

Soknerådsleiar Radøy:

Gunnar Kartveit
gunnar@kartveit.com

Radar

Utgjevar: Soknerådet i Radøy sokn, i samarbeid med Meland sokn, Knarvik sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Øystein Skauge

Lokal redaksjon: Gunnar Kartveit og Håkon Glatved-Prahl.

Grafisk design: Simen Søvik
Trykk: Bodoni AS

Framsidedeilete: Foto: Håkon Glatved-Prahl

GUDSTENESTE- KALENDER

27. november 2022

Sæbø kyrkje kl 11.00
1. søndag i adventstida
Kjell Johan Sekkingstad,
Vidar Eldholm

4. desember 2022

Manger kyrkje 11:00
2. søndag i adventstida
Bjørn Dalsgård Nygård, John
William Kay.
Forsongarar frå Radøy
damekor tek del.

11. desember 2022

Hordabø kyrkje 11:00
3. søndag i adventstida
Kjell Johan Sekkingstad, Ann
Jorun Hillersøy.

18. desember 2022

Manger kyrkje 11:00
4. søndag i adventstida
John William Kay.

24. desember 2022

Sæbø kyrkje 14:30
Julaftan
Bjørn Dalsgård Nygård.

24. desember 2022

Emigrantkyrkja 14:30
Julaftan
Kjell Johan Sekkingstad.

24. desember 2022

Hordabø kyrkje 16:00
Julaftan
Kjell Johan Sekkingstad.

24. desember 2022

Manger kyrkje 16:00
Julaftan
Bjørn Dalsgård Nygård.

25. desember 2022

Manger kyrkje 12:00
Juledag
Kjell Johan Sekkingstad,
John William Kay.
Lydia Hoen Tjore (sopran)
og Per Bjørkhaug (trompet).

1. januar 2023

Manger kyrkje 12:00
Nyårsdag
Bjørn Dalsgård Nygård.

8. januar 2023

Hordabø kyrkje 11:00
Kristi openberringsdag
Bjørn Dalsgård Nygård.

15. januar 2023

Sæbø kyrkje 11:00
2. søndag i openberringstida
Kjell Johan Sekkingstad.

22. januar 2023

Manger kyrkje 11:00
3. søndag i openberringstida
Misjonsgudsteneste
Bjørn Dalsgård Nygård
og Magnar Kartveit

29. januar 2023

Hordabø kyrkje 11:00
4. søndag i openberringstida
Kjell Johan Sekkingstad.

5. februar 2023

Manger kyrkje 11:00
Såmannssundagen
Bjørn Dalsgård Nygård.
Lys vaken

12. februar 2023

Sæbø kyrkje 11:00
Kristi forklåringsdag
Kjell Johan Sekkingstad,
Vidar Eldholm.

19. februar 2023

Manger kyrkje 12:00
Fastelavnssundag
Bjørn Dalsgård Nygård, John
William Kay.

26. februar 2023

Hordabø kyrkje 11:00
1. søndag i fastetida
Bjørn Dalsgård Nygård, John
William Kay.

5. mars 2023

Manger kyrkje 11:00
2. søndag i fastetida
Kjell Johan Sekkingstad.

12. mars 2023

Sæbø kyrkje 11:00
3. søndag i fastetida
Bjørn Dalsgård Nygård, Vidar
Eldholm.

19. mars 2023

Manger kyrkje 11:00
4. søndag i fastetida
Kjell Johan Sekkingstad,
John William Kay.

26. mars 2023

Hordabø kyrkje 11:00
Maria bodskapsdag
Bjørn Dalsgård Nygård, John
William Kay.

DET SKJER:

Babysong, Rasteplassen.
Kvar måndag kl 10:30.
For born og foreldre.

Kvardagsmiddag for alle,
Rasteplassen.

Annankvar onsdag,
partalsveker, kl 16-17.
20 kr pr person.
Påmelding tlf 932 01 354

Barnekor, 4 år – 3. klasse
Kyrkjestova, Manger kyrkje
Annankvar onsdag,
partalsveker, kl 17-17:45.

Radøy damekor
Øving kvar onsdag kl 19:30.
Rasteplassen

Dåpsskule, Bibelforteljingar
for 2.- og 3.-klassingar
Manger kyrkje, Kyrkjestova
Kvar torsdag kl 14-15:30
Påmelding, sjå Radøy sokn
si nettside

Julekrybbeutstilling
Fast utstilling av julekrybber
frå mange land
På Rasteplassen /
Kyrkjekontoret

For meir info:
Sjå kyrkja.no/radoy

STRAUMSPARING

medfører at når det er
gudstenester eller andre
arrangement i kyrkjene, vil
temperaturen vera 18 grader.



Sæbø kyrkje



Manger kyrkje



Emigrantkyrkja



Hordabø kyrkje

Kyrkjeblada i Alver takkar
annonsørane våre for all støtte.
God jul til kvar og ein av dykk.

